



Møtebok

Sak nr 4/2008

Møtedato: 30.1.08

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: 132

Søknad om tilskot – bok om stølane i Vestre Slidre

Kari Hauge og Frode Rolandsgården skriv i søknad datert 7.1.08 følgjande:

Forlaget Då måta (Kari Hauge og Frode Rolandsgard) søkjer med dette om økonomisk støtte til å gje ut ei praktbok om stølane i Vestre Slidre. Bokutgjevinga skal bli den andre frå forlaget

Ei liknande bok om stølslivet vart gjeven ut i Hemsedal for nokre år sidan. Stølar og støsliv i Hemsedal var først og fremst ein dokumentasjon av støslivet i gamal tid, medan vi også ønskjer å få med meir om moderne støsliv. Vi vil ta utgangspunkt i dei ulike støslaga og bildeleggje boka med både eldre foto og bilde frå nyare tid. Kwart støslag vil få ein kortfatta og faktaprega presentasjon med historikk og opplysningar om talet på stølar, stølar i drift, hytter, kart osv.

I tillegg ynskjer vi å finne fram til historier frå både gammal og ny tid; det kan handle om markerte personlegdomar som har halde til på stølane, historiske hendingar og anekdotar knytte til drifta av stølane eller forslag til turar med det einskilde støslaget som utgangspunkt. Ord og uttrykk knytte til støslivet kan ein også krydre med i eigne faktaboksar. Litt ekstra plass vil vi bruke på portrettintervju med markerte nolevande personar; eldre eller yngre budeier alle i området kjenner til, turistvertar eller hyttefolk som har prega støslaget i særleg stor grad.

Det er langstølane som vil få særleg fokus i denne boka, men vi vil også ha med ein kort presentasjon av heimstølane i kommunen.

I tillegg vil vi ha med nokre faktakapittel om t.d. byggjeskikk, stølsdrifta i historisk tid og stølsdrifta og utmarka sin viktige posisjon i Valdres. Her vil det vera naturleg å knyte til seg folk med særleg kunnskap om emne vi ønskjer å ha med.

På fotosida ønskjer vi å leite fram noko arkivmateriale, mellom anna frå eit privat fotoarkiv i Vestre Slidre og på Valdres folkemuseum, og elles samarbeide med lokale fotografar vi veit har mange nyare bilde frå området.

For å få til eit slikt omfattande prosjekt, må ein ha gode kjelder og samarbeidspartnarar. Vi tenkjer å kontakte ressurspersonar i dei ulike støslaga for å få hjelp med å finne fram og å kontrollere stoffet.

Boka skal skrivast i samarbeid mellom Kari Hauge, Frode Rolandsgard og Gunnar Hauge.

Ei praktbok om stølane i Vestre Slidre vil utan tvil bli teken godt i mot av stølseigarar og hyttefolk i kommunen, og vil vera med å profilere kommunen som ein av dei største stølskommunene i landet. Vi meiner også at boka vil passe særst bra inn i arbeidet med Valdres Natur- og kulturpark ved fokuset nettopp på menneskeleg aktivitet i utmarka.

Om Då måta: Eigarane driv gard i Lomen og har støl i Kvitehaugen, i tillegg til vårstøl på heimsida av åsen og hauststøl i Hausglie ned mot Hyggjande. Stølen i Kvitehaugen blir i dag nytta til kastratar på utmarksbeite.

Kari Hauge har hovudfag i litteraturvitenskap og arbeider i ei deltidsstilling på Valdres vgs. Frode Rolandsgard har hovudfag i etnologi (kulturhistorie) og arbeider i dag med eige plateselskap (ta:lik), i tillegg til ei mindre stilling som prosjektleiar for Folkelarm i Oslo. Frode ønskjer å flytte all arbeidsverksemd til Valdres, og forlagsarbeid er ein del av planen for å få dette til. Vi har difor planar om fleire andre bøker, og håpar at forlagsarbeid kan bli ei inntektskjelde i framtida.

Forlaget har distribusjonsavtale med Forlagssentralen, noko som gjer at bokhandlarar over heile landet kan få tak i bøkene våre.

Vi søkjer Vestre Slidre fjellstyre om 20 000 i støtte til utgjevinga.

Det er lagt ved budsjett som syner finansieringa av bokprosjektet.

Vedtak:

Fjellstyret gir eit tiskot på kr 10.000 til prosjektet. I tillegg vil fjellstyret kjøpe 30 bøker á kr 300.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 31.1.08

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Kari Hauge og Frode Rolandsgården